

113. ¹ Eigen tone

1. Han Eivind fraa Blaalid ein dugeleg mann,
So dugleg eg meiner me minnast maa han.
Han byggjar aa ryggjar han sleit aa han bar.
So Blaalidi no er ein makalaus framifraa gar

2. Han velte upp *runnor* aa *lunnade* stein
Aa gøymde i veitar kvar einaste ein
So aakrar aa bakkar aa slettor tilslutt
Dei syner idag kvar han Eivind hev budt.

3. Mei Eivind si far var ein helseveik mann,
Paa storveges arbeid der dugat kje han.
Men trottug aa ærleg han putlade smaatt
Aa mange um bore; men baska daa godt

4. Aa mori hans Eiving eg nemna maa aag
For nettupp av henne han dugleikjen saag
so trottug aa *strævall* kvar einaste dag
Var aldri *forfærd* til aa taka eit tak

5. No ville der auka baa stridom aa bal.
For borni vart mange ein trettan i tal.
Men *tiduge* friske fraa *knytingar* av
Aa detta ei kvild uti *stredommen* gav.

6. Da er kje aa undrast hart stundom dei trong
Men daa skull du høyrt korleis mori ho song
So kjærleg ho trøysta aa stutt helt ho paa
At viste kje , so veit storfar raa.

7. Naar faren han laga til bytter aa spann
Sad Eivind aa *lagga* aa smida paa bann
Solengje til brorn tok detta paa seg.
Men daa køyrde Eivind ein hardare veg.

8. Eg maa ut, sa han Eivind paa friarveg
Den stora *blaauri* ho friar til meg.
Aa mor du faar spinna , aa laga til klæ
Aa kui maa stellast aa smalan med.

9. Aa Eivind var *mergad* fraa taa og til topp
Aa dertil ein sterkbygd aa velskapa kropp
Men taka paa *blaauri* var noko svert
Men gjera eit karsverk var Eivind so kjært-

10. *Blaauri* aa rydja var Eivind sin plan
Til eng aa til aaker kvart bidige grand
I dag er paa baasen – ei einaste ku
Naar lidi er rydja, so maa dar sta sju

11. Aa Eivind tok til med sitt hardaste mod
So upp maatte *runnor* aa steinar for fot.
Aa so heldt han paa til all lidi var rudt
Men daa var det øyda upp tre tunn krudt

12. Men no sa han Eivind eg kviler meg litt.
Sjaa blomarna smiler fraa *blaauri* blitt.
Aa so tek eg paa turka brunmyri blaut,
Aa daa faar eg mat til ein elleve naut.

13. No brunmyri turkast, men Eivind var sveitt
Aaleina med tungarbeid mmangengong leitt
Dei uppkasta grøftor han fyllad med stein
So løyvdest ifraa han fekk *blaauri* rein.

14. Aa mori ho signade Eivind so trutt
Slik Eivind paa jordi fyr aldri hev butt.
So vel aa so vent, so godt aa so fort
Aa du! Kva ein onnige mann kan faa gjort.

15. Aa no sa han Eivind eg kvilar meg litt
No *blaauri*, *blaamyri* blømar so blitt
So no maa eg vist aa kva meiner du far
Byggja større hus paa den *Blaalidegar*

16. Aaa du kor de gildt sa no Eivind si mor.
No er det for trongt baa i løda aa flor.
Aa ja da han far, det aukar med for
So løda maa byggjast aa ho maa ve stor

17. Aa so bygde Eivind upp løda aa flor
AA *blaalidegaren* gav rikjeleg for.
I floren stod elleve velstelte dyr
Aa nie av disse var velfødde kyr.

!8. Aa no sa han Eivind eg kvilar meg litt,
No *blaauri*, *blaamyri* blomar so blitt.
Ho «Marit» i Vaage ho elsker meg smaatt
Aa eg elsker henne daa høver det godt.

19. Ho Marit var venleg, av *fatikmands* blod.
Paa *dygder* so rik, rein so *nysnjod snjo*
Aa dygdarna var det so fengslade hart
Han Eivind laut til, aa ho kona hans vart.

20. Ho Marit ho kom i et høve forbi
Ho helsar paa lyden, ho helsae so frii\
Ein hugsam gar er *Blaalidi* no.
Sjaa blomarna vene i bakkarna gro,

1 Ref: Foto Bj_s176.TIF

21. Den venaste blomen paa Blaalidi no
Er Marit i Vaage aa gildt vil det gro
Ei hyggja i heimen for far aa for mor
Ei hyggja for Eivind – aa blomarna gror.

22. Q ! Eivind sa Marit ein vesalla blom
Um eg i min prydna til Blaalidi kom.
Men er det no sanning du heve meg kjær
So kan du meg eiga, eg stende no her.

23. Ho Marit ho kom aa han Eivind var gla
Aa alle paa Blaalida sa ho var bra
Ein *prydna* ei blom paa Blaalidegar
Ein blom for Eivind for mor aa for far.

24. Aa no sa han Eivind eg kvilar meg litt
Eg *njota* vil gagne av arbeide mitt
Aa so skal det hyggja min far aa mi mor
Aa være til lærdom for syster aa bror.

25. Aa no sa han Eivind eg takkar so fritt
Min Gud so velsignade arbeide mitt
Han so gjev helsa gjev solskin aa liv
Han so gjev alt med sit megtiga «Bliv».

26. No Eivind er burte, han kvilar seg trutt
Aa Blaalidi sier at her hec han butt
Aa Eivind vil minast som utifraa mann
Aa kunne me gjera eit gagnsverk so han.